

## **6a) Forslag om å samanslåing av bankkontoar i Skjåk idrettslag**

Hovudstyret foreslår at idrettslaget slår saman sine 11 bankkonti til ein sparekonto og ein brukskonto.

Fordelar med dette:

- Oppnår betre sparevilkår ved å samle sparepengar på ein høgrente/plasseringskonto
- Effektiviserer rekneskapsføring og administrasjon med overføringar og avstemming av mange kontoar.
- Enklare å administrere betalingstenester som iZettle da dette systemet berre kan knytast opp mot eitt kontonummer per organisasjonsnummer. Med dagens system må rekneskapsførerar overføre omsetning frå hovudlaget til undergruppene.
- Samlar ressursane og står sterkare ved eventuelle investeringar/prosjekt. Midlane blir ikkje «låst» til mange forskjellige kontoar.

Inneståande beløp til den enkelte gruppe vert regnskapsmessig bokført gruppevis på fondskonto.